



Pressemelding

STATSMINISTERENS KONTOR

Statssekretær Øystein Singaas
Informasjonssjef Øivind Østang
Postboks 8001 Dep, 0030 OSLO

Telefon ktr.: 22 34 40 06
Telefon ktr.: 22 34 40 37
Telefaks: 22 34 95 00

Telefon priv.: 22 28 68 80
Telefon priv.: 22 22 28 01

SPERREFRIST: Ingen

DATO: 5. mai 1994

**PRIV. TIL RED.:
STATSMINISTERENS
PROGRAM FRAMOVER**

Mandag 9. og tysdag 10. mai er statsministeren i Tokyo, i samband med rådsmøte i Sosialistinternasjonalen (SI). Onsdag 11. og torsdag 12. mai er statsministeren i Aachen i Tyskland, for å motta Karlsprisen for 1994. Pressekontakt er statssekretær Øystein Singaas. Under opphaldet i Tokyo bur følgjet på Hotel New Otani, telefon 095 81 3 326 51 111/27 021 - telefax 095 81 3 322 12 619. I Aachen bur følgjet på Steigenberger Hotel Quellenhof, telefon 095 49 241 15 20 81 - telefax 095 49 241 15 45 04.

Mandag 9. mai kl. 12.15 er statsministeren gjestetalar i Foreign Correspondents' Club i Tokyo. Frå kl. 14.30 møter ho statsminister Tsutomu Hata, utanriksminister Koji Kakizawa, tidlegare statsminister Kiichi Miyazawa og USA sin ambassadør, Walter Mondale. Tidspunkt for samtalanene vert fastsette same dagen.

Tysdag 10. mai er statsministeren med i SI-møtet. Kl. 19.30 er ho gjest ved ein middag som statsminister Hata gjev.

Onsdag 11. mai om ettermiddagen kjem statsministeren til Aachen, for å vere med under Karlsprisfesten. "Gesellschaft für die Verleihung des Internationalen Karlspreises zu Aachen" har gjeve Brundtland prisen for innsatsen hennar for sosial rettferd i Noreg, Europa og internasjonalt, og for samarbeid i Europa. Prisen er kalla opp etter 800-talskeisaren Karl den store, som hadde Aachen som hovudstad. Etter tidlegare statsminister Jens Otto Krag i Danmark, er statsministeren den andre frå Norden som får prisen; etter tidlegare statsråd Simone Veil i Frankrike, er ho den andre kvinna.

Onsdag 11. mai kl. 18.15 talar statsministeren under opninga av ei Willy Brandt-utstilling i Altes Kurhaus i Aachen. Kl. 19.15 talar ho til publikum på Katschhof-plassen (rådhusplassen), i høve Karlsprisfesten. Kl. 20.30 er ho hovudgjest under ein festbankett i Aachen rådhus.

Kristi Himmelfartsdag (12. mai) kl. 09.00 deltek statsministeren i messe i Aachen domkyrkje. Etter ei mottaking i Aachen rådhus kl. 10.30, følgjer sjølvne prisutdelinga - i kroningssalen same stad. Kl. 12.45 talar statsministeren til publikum på Katschhof-plassen, før eit uformelt samkome i Aula Carolina like ved. Kl. 15.00 vitjar statsministeren ei utstilling av den norske kunstnaren Bente Stokke.